

Masfjorden kommune

Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes

22. august 2022

Vår referanse
21100 – 37/87

Dykkar referanse
21/672-21/6790 Att: Roald Kvingedal

Liarinden byggefelt
Avklaringar - mindre endringar i forhold til gjennomføringsplan

Viser til punkt i referat frå byggemøte 1 på kommunehuset 23.06.2022

1.4 Dagtank på vassforsyning skal være på 20 m³.

- a) Gunnar har på telefon gitt uttrykk for at kommunen har ynskje om større dagtank.
- b) Etableringar i feltet og såleis behov for reservevatn vil være mindre første tida og auke på etter kvart som feltet vert utbygd.
- c) Utbyggjar føreslår å sprengje areal / volum nok for å på sikt kunna setja opp ein ekstra 20 m³ dagtank. Tanken kan da setjast opp når situasjonen krev det utan sprenging.
- d) Om kommunen gjev aksept for å redusera volumet på slamavskiljar frå 70 m³ til 35 m³ som beskrive i punkt 1.9 vil utbyggjar etablere areal/volum for no eller på sikt plassere ein ekstra dagtank. Dette er eit forslag til kompromiss utan vederlag.

1.9 Utbyggjar avklarar beste løysing for slamavskiljar og orienter kommunen for aksept.

- a) Dimensjon på slamavskiljar vert satt ut frå berekna pe og tømmeffrekvens. For stort volum i forhold til behov resulterer i manglande funksjon og luktproblematikk.
- b) Både storleik på tanken og tømmeffrekvens har stor betydning for driftskostnad kommunen får med anlegget.
- c) Utbyggjar og røyrleggjar som prosjekterer meiner ein tank på 35 m³ gjev beste resultat både praktisk og økonomisk.
- d) Ein tank på 35 m³ og tømmeffrekvens på 2 år vil ha kapasitet nok til minst halve feltet er utbygd. Redusert volum og maks tømmeffrekvens gjev den gunstigaste driftskostnader samt betre funksjon i tanken som da er betre tilpassa behovet.
- e) Ved behov vert tømmeffrekvens endra til ei tømning kvart år.
- f) Utbyggjar ber om snarleg aksept for denne løysinga, det hastar med å få bestille utstyr.

1.13 Planlagd veg til tomtane 17-20 vert for bratt inn på tomtane grunna stor høgdeskilnad frå veg og opp til tomt nivå.

Utbyggjar presenterte endra løysing for veg til tomtane 17-20. Ny avkøyrsløse ved nettstasjon og veg inn i bakkant av tomtane med snuhammar på tomt 20. Olav avklarar med kommunen om dei vil overta denne vegen saman med resten og evt. andre konsekvensar.

- a) Forslag til ny situasjon er vist i vedlagte teikning «Situasjonsplan tekniske anlegg»
 - Her er teikna ny tilkomstveg med 3 meter bredde til tomt 17-20 med snuhammar mellom tomt 19 og 20.
 - Eigedomsgrenser er flytta slik at vegen ligg på same bruk som andre vegar i feltet
- b) Utbyggjar ber kommunen om aksept/vilkår for å søkja endring for plassering av tilkomstveg for tomtane 17-20 som vist i vedlegg.
- c) Utbyggjar ber kommunen ta stilling til om dei kan overta denne vegen saman med dei andre vegane i byggefeltet

Ny sak: Utbyggjar ynskje å leggja asfalt på fortau i same høgde som vegbana og skilje veg og «fortau» med kvit stripe på asfalt. Ber om at kommunen bekreftar at dette er ei akseptert løysing.

Vedlegg












Revidert situasjonsplan teknisk anlegg der forslag til endringar er synt.




Helsing

for Olav Brurås LBOB AS



Bjørn Rune Kvinge

-  PUMPESTASJON
-  PÅKOPLINGSKUM VATN MED VENTIL I KUM PÅ KVAR SLANGE UT
-  32 MM VASSLEIDNING INN PÅ TOMT
-  FORGREINING/STAKEKUM AVLØP
-  VEGLYS
-  AVLAUPSLEDNING
-  VASSLEIDNING
-  HØGSPENTKABEL 3X95 Axligh
-  STRØMKABEL TFXP 4X240AL
-  STRØM- OG FIBERKABEL TIL BRUKER
-  NETTKABEL/FIBER



PLASSERING AV 2 STK BOREHULL TIL VANNFORSYNING

SIKRINGSTILTAK
STØPT PLATE 10 X 10 METER
MED FALL FRA BOREHULL.
2 METER GJERDE MED LÅST GRIND

| RevID | Dato | Endring | Kontroll |
|-------|------------|-----------------------------------|----------|
| REV 4 | 22.08.2022 | Oppdatert situasjon vatn og avløp | BRK |
| REV 3 | 04.08.2022 | Ny tilkomstveg tomt 17-20 | BRK |
| REV 2 | 24.05.2022 | Plassing grøfter og VA-anlegg | BRK |